# Nytt om namn

## Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 10 - 1989

Oslo 1989

# NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken
Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,
Universitetet i Oslo

Nr. 10 - 1989

Arne Jørgensen har lagt stoffet til rette for edb

Redaksjonen er avslutta 16. oktober 1989

ADRESSER:

Norsk namnelag, Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 45 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02) 45 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er no 130 kr for året

# INNHALD


Reidar Djupedal til minne 4
1889 - Gustav Indrebø - 1989 5
Styremøte i Norsk namnelag 6
Fråsegn om tvikjønna personnamn 6
Uttalelse om navnet på ishockey-hallen
på Lillehammer 8
Framlegg om konsulentteneste for personnamn 9
Norsk namnelag 9
Skriftlige kildebelegg for gardsnavn fra Hadeland
og Land, fordelt etter navnetype 10
Stadnamnproposisjonen 16
Den 10. nordiske namnegranskarkongressen 17
Seminar om namnegransking og språkkontakt 24
Forskerkurs i Uppsala 27
Hurumprosjektet 31
Stedsnavnseminar på Agder 31
Kurs i stadnamninnsamling 32
EDB viktig ledd i innsamlingen av stedsnavn i Fet 32
Interessant materiale for personnavngranskere 33
NAVF-støtte til gransking av etternamn 34
Stillingsnytt 34
Ny instituttskipnad ved Universitetet i Oslo 35
I eller på Vaterland? 36
Revisjon av Norsk personnamnbibliografi 37
Underlige navne 37
Stedsnavn i et språkbrytningsområde 38
8 500 stadnamn i praktverk frå Søgne 40
Atlas over breer i Sør-Norge 41
Namn og stader på Kvitsøy 42
Stadnamn i kystkulturen 44
Bok om stadnamn i Sødorp 44
Personnamn i Møre og Romsdal på 1600-talet 45
Mikro FELTED innskrivingssystem 47

## REIDAR DJUPEDAL TIL MINNE

Den fyrste formannen i Norsk namnelag, professor Reidar Djupedal, døydde i slutten av juli, 68 år gamal. Med han er ein rikt utrusta målgranskar og ein breitt engasjert humanist gått bort.

Reidar Djupedal var fødd i Oslo, men voks opp i Djupedalen i Selje. Etter embetseksamen ved Universitetet i Oslo i 1950 var han ei kort tid medarbeidar i Norsk Ordbok, deretter lektor i København, så universitetsstipendiat i Oslo, og seinare dosent i Bergen. I 1968 vart han utnemnd til professor ved Universitetet i Trondheim.

Reidar Djupedal har ein vid produksjon bak seg innan norsk målvitskap. Han har særleg arbeidt med dei to største føregangsmennene i norsk målreising, Ivar Aasen og Aasmund Olavsson Vinje. Dette har m.a. gjeve eit trebandsverk med Ivar Aasens brev og dagbøker og eit firebandsverk med Vinjes Dølen. Elles har han stått for fleire andre bokutgjevingar og ei mengd artiklar særleg med målvitskapleg og kulturhistorisk innhald.

I produksjonen hans går det òg inn fleire artiklar om namn og namnebruk. På same måten som han var målmeister, og ein kan seia målpurist, hadde han sterk sans for gode norske namn, både personnamn og stadnamn. Ved fleire høve, m.a. her i Nytt om namn, gav han uttrykk for at framande namnemønster er med på å øydeleggja dei heimlege namneskikkane. Han meinte at styresmaktene tek alt for lett på ansvaret sitt når det gjeld å verna om norsk namnebruk, ikkje minst ved val av namn på vegar, gater og ymse offentlege tiltak.

Då Norsk namnelag vart skipa i november 1983, fall det naturleg å velja Reidar Djupedal til formann. Med si store interesse for namnerøkt, og med den vide kontaktflata han hadde i landet, kunne ingen tevla med han som faneberar for det nye laget. Han var formann i to periodar. Ved det tredje landsmøtet i fjor haust sa han frå seg attval.

Norsk namnelag heidrar minnet hans.

BH

## 1889 - GUSTAV INDREBØ - 1989

Gustav Indrebø vart fødd 17. nov. 1889. Han døydde 3. aug. 1942, knapt 53 år gammal. Men om arbeidsdagen vart stutt, skapte han likevel varande verk både som historikar, norrønfilolog, språkhistorikar og namnegranskar. Han var òg ein hovding i striden for det nynorske skriftmålet. Her vil eg berre nemne litt av det han gjorde for faget vårt.

Som namnegranskar steig Indrebø for alvor fram med avhandlinga "Stadnamni i ei fjellbygd" i 1921 (Maal og Minne). Han drøftar der om lag 2 300 djupinnsamla namn frå Haukedalen i Sunnfjord. Avhandlinga har vori eit lysande føredøme for alle som har følgd etter med liknande granskingar, ikkje minst hovudfagsstudentar. Indrebø heldt fram med særskilde grupper av naturnamn. I 1924 kom Norske Innsjønamn. I. Upplands fylke, som han tok doktorgraden på. I 1927 gav han ut Norsk namneverk, eit historisk oversyn over skrivemåten av norske stadnamn. To år etter kom Stadnamn fraa Oslofjorden, og i 1933 Norske Innsjønamn. II. Buskerud fylke. Indrebø skreiv òg ei mengd med artiklar om ymse namn og namneproblem. Han veik aldri unna korkje for vitskaplege eller politiske utfordringar, noko m.a. skriftene om Noreg/Norge og Trondhjem/Nidaros viser. Faghistoria skreiv han om i Namn och bygd i 1938.

Indrebø vart styrar for det nyskipa Norsk Stadnamnarkiv i Oslo i 1921. Han heldt fram i ombodet også etter at han vart professor i Bergen i 1930, men arkivet vart flytta dit først i 1939. I Bergens-tida sette han i gang ei landsfemnande innsamling av stadnamn gjennom folkeskolen. Det kom inn over ein million namn, rett nok i oppskrifter av ujamn kvalitet, men målt etter storleiken er samlinga framleis einestående her til lands.

I boka Kva er målreising? (1976) har Jarle Bondevik og Oddvar Nes gjevi eit fint omriss av livet og arbeidet åt Indrebø. Framstillinga er opptrykt med visse tillegg i Frå smått til stort. Nordistikk i Bergen gjennom 70 år (1988). Begge bøkene har òg ein bibliografi. Kjell Venås har skildra liv og verk i full breidd i biografien For Noreg og Ivar Aasen. Gustav Indrebø i arbeid og strid (1984). Denne boka melde Nils Hallan grundig i Mot-skrift 2, 1985.

Det er med takksemd og age vi minnest Gustav Indrebø.

KK

## STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Møtet vart haldi i Oslo 25. august. På saklista stod tidsskriftet Namn og Nemne, meldingsbladet Nytt om namn, økonomien i namnelaget og medlemssituasjonen. Det kjem få nye medlemer til, og nokre fell frå etter kvart, så laget har framleis om lag 300 medlemer som i byrjinga. Får vi ikkje nokon auke her, blir økonomien for veik til at vi kan drive utgjevarverksemda slik vi helst ønskjer. Enn så lenge vil tidsskriftet og bladet likevel bli utgjevne etter om lag same planen som hittil.

Men midt i pengesutene kan vi gle oss over at det er ei levande interesse for namn ute i samfunnet; det ser vi m.a. av dei oppslaga som aviser og andre media gjev til aktuelle namnesaker. Hovudoppgåva for laget no må vera å få meir av denne interessa omvandla i medlemskap. Det vart konkret nemnt tre grupper som laget burde gå ut til: medlemer i lokale historielag, norsklærarar i vidaregåande skole og folk som driv aktivt namnearbeid, t.d. innsamling, kringom i kommunane.

Gulbrand Alhaug ville at namnelaget skulle uttala seg om bruken av tvekjønna personnamn og om namnet på den nye ishockey-hallen på Lillehammer. Anne Svanevik ønskte at namnelaget skulle støtte eit framlegg frå Institutt for namnegransking om at Justisdepartementet opprettar konsulentteneste for personnamnsaker. Styret slutta seg fullt ut til dei synspunkta som Alhaug og Svanevik målbar. Det gav særskild fråsegn i dei to første sakene og støtteerklæring til den siste.

KK

## FRÅSEGN OM TVIKJØNNA PERSONNAMN

til

Justis- og politidepartementet, Sivilavdelinga

I avisene Nordlys (25.7) og Aftenposten (26.7 og 27.7) kunne vi i sommar lese om førenamnet Rudy, som var blitt godkjent som jentenamn ved eitt folkeregister og nekta ved

eit anna (artiklane vedlagde). Norsk namnelag meiner det er svært uheldig at folkeregistra praktiserer namnesaker på ulik måte. Det gir inntrykk av forskjellsbehandling når somme t.d. godkjenner Rudy som jentenamn, andre ikkje.

Norsk lovverk har ikkje noko eksplisitt forbod mot tvikjønna namn, men i Anne Austbø si kommentarutgåve til lov om personnamn står det på s. 103 under kommentarane til § 15:

> Jentenavn brukt på gutt og omvendt blir avvist. Her må i utgangspunkt norske navnetradisjoner legges til grunn. Dersom et navn bare er utbredt som pikenavn her i landet, hjelper det lite om navnet også brukes på gutter andre steder, f.eks. Kari som i Finland er guttenavn. Maria er likeledes avslått for gutt selv om dette ikke er noe uvanlig guttenavn bl.a. i Syd-Europa. Det finnes imidlertid navn som kan brukes av begge kjønn, f.eks. Gøran, Tore, Toni, Ragne, Janken og Inge. Dette skyldes først og fremst at navnene allerede har en viss utbredelse både som pike- og guttenavn.

Den første setninga i dette sitatet står i skarp kontrast til den faktiske bruken av tvikjønna namn i Noreg i dag. I 1975 var det såleis ca. 170 tvikjønna namn - om ein avgrensar seg til namn som blir borne av minst 3 personar av kvart kjønn (jfr. førsteamanuensis Gulbrand Alhaug (Universitetet i Tromsø) sin artikkel "Noko om tvikjønna fornamn i Noreg" i NORNA-rapporter 35 (red. Tom Schmidt), Uppsala 1987 (vedlagd).

Norsk namnelag går inn for klare reglar på dette området, og gjer framlegg om ei innstramming av lovverket, i samsvar med sitatet frå Austbø si kommentarutgåve ovanfor:

1. Hevdvunne tvikjønna namn kan framleis brukast - typen Oleif, Inge.
2. Andre tvikjønna namn som er i bruk i dag, skal heretter berre brukast på det eine kjønnet. Begge desse frekvenskriteria må vere oppfylte:

a. Namnet må vere bori av minst 10 kvinner (evt. 10 menn).
b. Namnet må i dag vere brukt på dobbelt så mange namneberarar frå det eine kjønnet som det andre.

3. Innvandrarar som får barn i Noreg, har høve til å søke om dispensasjon frå desse reglane.

Merknad til pkt 1: Namneforskarar må utarbeide ei liste over namn som ein skal sjå på som "hevdvunne".

Saka om bruken av tvikjønna namn tener som ein god illustrasjon på at sakshandsaminga i namnesaker kan vere både urettferdig og tilfeldig. I det høvet gjev styret i Norsk namnelag si fulle støtte til eit brev frå Institutt for namnegransking til Justis- og politidepartementet v/ sivilavdelinga sendt 21. juni i år (sjå nedanfor). Brevet inneheld eit framlegg om oppretting av konsulentteneste i personnamnsaker.

## UTTALELSE OM NAVNET PÅ ISHOCKEY-HALLEN PÅ LILLEHAMMER

til
Lillehammer kommune, Kulturstyret og OL-komiteen

Norsk namnelag har merket seg at den nye ishockey-hallen på Lillehammer har fått navnet Kristins Hall. I denne sammenhengen vil vi gjerne uttale at det i tradisjonell norsk navnelaging er mest vanlig å bruke sammensetning her, altså Kristinhallen eller Kristinshallen, jf. Håkonshallen. Uttrykksmåten med to ord, dvs. personnavn + hall er derimot i samsvar med engelsk praksis, f.eks. Albert Hall, Carnegie Hall.

Vi vil rå til at man her følger vanlig norsk navneskikk og ikke tar etter engelsk navneskikk. Ved norskavdelingene ved våre universiteter og høyskoler finnes det folk med faglig bakgrunn som kan gi råd i navngiving. Statens navnekonsulenter vil kunne gi råd ved bruk av stedsnavn.

## FRAMLEGG OM KONSULENTTENESTE FOR PERSONNAMN

Denne saka reiste Institutt for namnegransking i brev til Justisdepartementet 21. juni 1989. På møtet 25. august vedtok styret i namnelaget å støtte framlegget. Instituttet peikar i brevet m.a. på følgjande:

Det har vorti teki mange uheldige avgjerder i personnamnsaker, slik som forbod mot namna Linn og Karna for kvinner og Jone og Marton for menn. Seinare har desse vedtaka rett nok vorti omgjorde, men dei vitnar like fullt om at departementet ikkje har den språklege og kulturhistoriske kompetansen som er nødvendig for å gjera velgrunna og konsekvente vedtak om personnamn. Dette kunne det bøtast på ved at ein namnegranskar kom med i handsaminga i første instans jamsides med den juridiske sakkunnskapen.

Instituttet ser helst at det blir ei eiga, fulltids stilling for slike oppgåver. Alternativt kunne tenesta ordnast ved at departementet løner ein fagperson på timebasis etter same opplegget som Kulturdepartementet alt har når det gjeld arbeidet med skrivemåten av stadnamn.

Noreg er det einaste landet i Norden som ikkje har noka etablert konsulentteneste for personnamn. I dei andre nordiske landa er namnegranskarar med på både å førebu og å avgjera namnesaker. Der var dei òg med på alle stega i saksgangen da personnamnlovene vart reviderte for nokre år sidan. Namnelova vår vart revidert om lag samtidig, men hjå oss kom ikkje fagmiljøet eingong inn som høyringsinstans.

KK

## NORSK NAMNELAG

treng medlemer, og du kan ha glede av medlemskapen. For 130 kroner i året får du tidsskriftet Namn og Nemne og meldingsbladet Nytt om namn. Skriv namn og adresse på eit kort og send det til Namn og Nemne, Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN. Institusjonar, lag, skolar o.l. kan òg vera medlemer. Velkomen!

## SKRIFTLIGE KILDEBELEGG FOR GARDSNAVN FRA HADELAND OG LAND, FORDELT ETTER NAVNETYPE

Denne artikkelen er resultatet av et gruppearbeid utført av hovedfagsstudenter ved Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo. Arbeidet har vært et ledd i undervisninga for emnekretsen navnegransking våren 1989. Veileder for arbeidet har vært amanuensis Botolv Helleland ved Institutt for navnegransking. Deltakere i arbeidsgruppa har vært Inger Dahl Hansen, Dagny E. Høines, Ingeborg Kjølhamar, Astrid Weel Sannrud, Marit Rørstad og Anne Marte Skari.

Vår oppgave har vært å gruppere eldre kildebelegg av gardsnavna i kommunene Lunner, Jevnaker og Gran (tidligere Gran og Brandbu herred) på Hadeland og Søndre og Nordre Land kommuner i Land etter navnetype. Dernest har vi delt inn navna etter om de forekommer med kildebelegg i før- eller etterreformatorisk tid. Vi har ikke tatt hensyn til om navnet fins med ett eller flere belegg innen de enkelte periodene.

Vi antok i utgangspunktet at de navnetypene som tradisjonelt er regna for å væra eldst, ville ha de fleste forekomster av førreformatoriske kildebelegg, og at yngre navnetyper ville ha ei overvekt av bare etterreformatoriske belegg. Et problem vi ikke har gått inn på, er i hvilken grad kildesituasjonen for Hadeland og Land er representativ, både absolutt og sammenlikna med andre områder.

Resultatet av arbeidet har i stor grad svart til forventningene våre, men et trekk ved de eldste navnetypene er at de i en god del tilfeller bare forekommer i yngre etterreformatoriske kilder.

Som kilde for arbeidet har vi brukt Oluf Ryghs Norske Gaardnavne, bind IV,2, Kristians Amt (originalkildene har vi ikke hatt tid til å kontrollere). Vi gjør imidlertid oppmerksom på at vi underveis har støtt på tvilstilfeller når vi skulle gruppere etter navnetype. Det har da vært opp til den enkelte i arbeidsgruppa å plassere navnet i en kategori etter skjønn. Vi regner likevel med at materialet er behandla slik at resultata virkelig sier noe om

spørsmålsstillinga. Man kan gå ut fra at Norske Gaardnavne har med de aller fleste førreformatoriske belegg, men derimot bare et utvalg av de tallrike belegga fra seinere hundreår. Vi gjør oppmerksom på at dette arbeidet ikke sier noe om den absolutte alderen på navna. Et navn som forekommer kun i etterreformatoriske kilder, kan væra eldre enn et navn som forekommer i førreformatoriske kilder.

Vi har behandla til sammen 1002 navn. Vi har valgt å dele dem inn i følgende grupper: usammensatte navn i ubestemt form, sammensatte navn i ubestemt form, -vin-navn, -(h)eim-navn, -stad-navn, -by-navn, -rud-navn, yngre rydnings- og kulturnavn, yngre naturnavn, sammenliknings-navn og oppkallingsnavn, avledede navn og andre navn. Hva vi legger i disse betegnelsene, kommer vi tilbake til ved behandlinga av hver enkelt av dem.

Tabellen på side 13 viser hvilke absolutte tall og prosenter fordelt på førreformatoriske (f.r.) og etter-reformatoriske (e.r.) belegg som vi har kommet fram til for de enkelte navnetyper og områder.

Før vi går laus på behandlinga av navna, kan vi nevne at området vi har tatt for oss, er et gammelt kulturlandskap. Arkeologer regner med at det f.eks. på Hadeland har levd folk i 3000-4000 år, altså fra sist i steinalderen (Hveberg 1953:85). Hadelandsbygdene har dessuten rike bronsealderfunn, noe som kan tyde på ei relativt stabil bosetting allerede i denne tida (ibid.).

**Usammensatte navn, ubestemt form, typen Gran, Hov**

Med usammensatte navn meines her navn som er laga av ett sjølstendig ord, dvs. grunnordet står aleine. (Alle definisjonene er henta fra Schmidt 1981.) Til denne gruppa regner vi bare de usammensatte navna som står i ubestemt form, f.eks. Lunner, Nes, Dal og Sogn. I vårt materiale finner vi 55 navn med førreformatoriske belegg og 77 som forekommer bare i etterreformatoriske kilder i denne gruppa, henholdsvis 41.7% og 58.3%. Tatt i betraktning at dette er den navnetypen som regnes for å væra eldst, er det rimelig at vi finner mange middelalderbelegg her.

**Sammensatte navn, ubestemt form, typen Jevnaker, Gamkinn**
Vi definerer disse navna som navn som er satt sammen av to eller flere ledd med sjølstendig betydning, med unntak av navn på -vin, -(h)eim, -stad, -by, -rud som er oppført i egne grupper. Vi gjør oppmerksom på at navn på -aker/-åker ikke er skilt ut som egen gruppe på linje med f.eks. -by. Til denne gruppa regnes også her bare navna i ubestemt form, og eksempler er Velsand, Bjertnes og Grinaker. I alle kommuner er det overvekt av navn som bare fins i etterreformatoriske kilder. Av de i alt 158 navna som hører til denne kategorien, har kun 28.5% belegg i førreformatoriske kilder. Dette resultatet kan synes overraskende siden navnetypen i utgangspunktet er gammel. Vi regner imidlertid med at navnelaginger av denne typen har vært vanlige også i nyere tid. Et eksempel på dette kan være gardsnavnet Fagerholt, registrert første gang i 1667.

**-vin-navn, f.eks. Gjefsen, Grini, Horgen og Hilden**
Av i alt 50 -vin-navn finner vi hele 72% med belegg i førreformatoriske kilder. Dette er da også den navnetypen som prosentvis har flest førreformatoriske belegg. Det blir regna med at -vin-navna hadde sin mest produktive periode fra år 0 til 500 e.Kr. Ola Stemshaug (1973:97) viser at ingen andre navnegrupper prosentvis har så mange sognenavn, og han tar dette som bevis for at -vin-navna må være relativt gamle. I motsetning til de usammensatte og sammensatte navna i ubestemt form som kan være nylaginger, er ingen av -vin-navna yngre enn ca. år 1000 e.Kr. (Stemshaug 1973:96). Vi kan også nevne at det på ni av Hadelands -vin-garder er gjort funn fra romersk tid; det eldste er fra 1. århundre og det yngste fra 4. århundre (Hveberg 1953:94). Dette skulle tyde på at -vin-gardene i området vi har undersøkt, har en høg alder, og det er således ikke urimelig at mange er kildebelagt allerede i god tid før reformasjonen.

**-(h)eim-navn, f.eks. Røysum, Gagnum, Skjennum og Solheim**
Materialet vårt teller ikke flere enn 32 -(h)eim-navn. Denne navnetypen går også for å være gammel (til dels noe

| | | N. Land | | S. Land | | Lunner | | Jevnaker | | Gran | | Brandbu | | Til saman | | f.r./e.r. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Usms.ubf. | f.r. | 13 | 4.9 | 7 | 4.2 | 4 | 2.7 | 6 | 9.9 | 12 | 6.9 | 13 | 6.9 | 55 | 5.5 | 41.7 |
| | e.r. | 22 | 8.3 | 19 | 11.3 | 5 | 3.4 | 3 | 4.9 | 18 | 10.3 | 10 | 5.3 | 77 | 7.7 | 58.3 |
| Sms.ubf. | f.r. | 9 | 3.4 | 7 | 4.2 | 7 | 4.8 | 5 | 8.2 | 9 | 5.2 | 8 | 4.3 | 45 | 4.5 | 28.5 |
| | e.r. | 38 | 14.4 | 23 | 13.7 | 11 | 7.5 | 6 | 9.9 | 18 | 10.3 | 17 | 9.1 | 113 | 11.3 | 71.5 |
| -vin | f.r. | 4 | 1.5 | 2 | 1.2 | 7 | 4.8 | 1 | 1.6 | 11 | 6.3 | 11 | 5.9 | 36 | 3.6 | 72.0 |
| | e.r. | 3 | 1.1 | 1 | 0.6 | 5 | 3.4 | | | 4 | 2.3 | 1 | 0.5 | 14 | 1.4 | 28.0 |
| -(h)eim | f.r. | 2 | 0.8 | 3 | 1.8 | | | 2 | 3.3 | 6 | 3.4 | 4 | 2.1 | 17 | 1.7 | 53.1 |
| | e.r. | 3 | 1.1 | 3 | 1.8 | | | 2 | 3.3 | 3 | 1.8 | 4 | 2.1 | 15 | 1.5 | 46.9 |
| -stad | f.r. | 1 | 0.4 | 1 | 0.6 | 4 | 2.7 | 1 | 1.6 | 6 | 3.4 | 4 | 2.1 | 17 | 1.7 | 38.6 |
| | e.r. | 8 | 3.0 | 3 | 1.8 | 2 | 1.4 | 2 | 3.3 | 6 | 3.4 | 6 | 3.2 | 27 | 2.7 | 61.4 |
| -by | f.r. | | | 4 | 2.3 | | | 1 | 1.6 | 1 | 0.6 | | | 6 | 0.6 | 42.9 |
| | e.r. | 2 | 0.8 | 1 | 0.6 | 3 | 2.1 | 2 | 3.3 | | | | | 8 | 0.8 | 57.1 |
| -rud | f.r. | 3 | 1.1 | 4 | 2.3 | 1 | 0.7 | 5 | 8.2 | 2 | 1.2 | 2 | 1.0 | 17 | 1.7 | 13.0 |
| | e.r. | 21 | 7.9 | 12 | 7.2 | 20 | 13.7 | 11 | 18.0 | 26 | 15.0 | 24 | 12.8 | 114 | 11.4 | 87.0 |
| Rydnings-/ kulturnavn | f.r. | | | 1 | 0.6 | 2 | 1.4 | 1 | 1.6 | | | | | 4 | 0.4 | 2.0 |
| | e.r. | 50 | 18.9 | 33 | 19.6 | 28 | 19.2 | 8 | 13.1 | 32 | 18.4 | 45 | 24.0 | 196 | 19.5 | 98.0 |
| Naturnavn | f.r. | 4 | 1.5 | 3 | 1.8 | 1 | 0.7 | | | 1 | 0.6 | | | 9 | 0.9 | 4.8 |
| | e.r. | 69 | 26.0 | 32 | 19.0 | 30 | 20.5 | 3 | 4.9 | 18 | 10.3 | 25 | 13.3 | 177 | 17.6 | 95.2 |
| Sml.-/opp- kallingsnavn | f.r. | | | | | | | | | | | 1 | 0.5 | 1 | 0.1 | 4.2 |
| | e.r. | 8 | 3.0 | 1 | 0.6 | 6 | 4.1 | 2 | 3.3 | 1 | 0.6 | 5 | 2.7 | 23 | 2.3 | 95.8 |
| Avledede navn | f.r. | 1 | 0.4 | | | | | | | | | 1 | 0.5 | 2 | 0.2 | 25.0 |
| | e.r. | 1 | 0.4 | 1 | 0.6 | | | | | | | 4 | 2.1 | 6 | 0.6 | 75.0 |
| Andre | f.r. | | | | | | | | | | | | | | | |
| | e.r. | 3 | 1.1 | 7 | 4.2 | 10 | 6.9 | | | | | 3 | 1.6 | 23 | 2.3 | 100.0 |

yngre enn -vin-navna), men likevel finner vi bare ei lita overvekt av førreformatoriske belegg. Gruppa favner både om eldre -(h)eim-navn der bare -um-endinga står att (f.eks. Skattum), og nyere -heim-navn av typen Solheim, Sjåheim. Siden disse -heim-navna er unge og dermed ikke hører med blant de opprinnelige -(h)eim-navna, var det diskutabelt om de skulle med under denne kategorien. Ettersom vi bare finner to av dem, valgte vi likevel å plassere dem her.

**-stad-navn (staðir), f.eks. Klæstad, Morstad**
Når vi kommer over på relativt sett noe yngre navn, som f.eks. -stad-navn, er prosenten av førreformatoriske belegg noe lavere enn for de foregående. For -stad-navnas vedkommende utgjør kildebeleggene fra førreformatorisk tid kun 38.6% av hele gruppa. En årsak til dette kan væra at -stad-gardene stort sett er sekundære i forhold til de andre navnegruppene vi har sett på til nå (med unntak av sammensatte navn i ubestemt form), og vi antar at noen av dem kan ha vært så små at de ikke har vært interessante som f.eks. skatteobjekt og dermed ikke fins i jordebøker og diplom.

**-by-navn, f.eks. Nøkleby, Brørby og Østby**
Dette er ei lita gruppe i materialet vårt, og -by har nok ikke vært noe utbredt navnelagingselement i denne delen av Vest-Oppland. Vi har kun funnet 14 -by-navn, og av disse fins 6 i førreformatoriske kilder og 8 i bare etterreformatoriske.

**-rud-navn, f.eks. Mellerud, Ensrud og Tollevsrud**
-rud-navna er i likhet med andre rydningsnavn ei stor navnegruppe i dette distriktet. Vi finner 131 -rud-navn, og 87% av disse er kun belagt i etterreformatorisk tid. Dette er i tråd med antatt alder på denne navnetypen. Den regnes ikke som særlig gammel: fra ca. år 1000 e.Kr. og noen hundreår framover (Stemshaug 1973:114).

**Yngre rydnings- og kulturnavn, f.eks. Sveen, Sandødegården**
Med yngre rydningsnavn meiner vi navn på plasser som er

rydda i nyere tid, og der hele navnet eller deler av det forteller om selve ryddingen. Eksempler er Helgakersbråten og Brenna. Kulturnavn definerer vi som navn som forteller om menneskelig aktivitet i vid meining. Etter den vanlige norske bruken av "kulturnavn" kan sammensatte navn kalles kulturnavn også der det er førsteleddet som reflekterer kulturforholdet. (Også de gruppene som ender på -vin, -(h)eim, -stad o.a. er da kulturnavn, men altså unntatt her.) Alle rydnings- og kulturnavna står i bestemt form, og eksempler på kulturnavn er Hovsbrua, Rugrota og Slåtthagen. Som nevnt er dette ei stor gruppe, med hele 200 navn. Den altoverveiende delen (98%) fins bare i kildene fra etter reformasjonen og til dels bare fra 1700-1800-tallet. Dette er naturlig siden nesten alle bruka som bærer disse navna, har kommet til etter reformasjonen, mange så seint som i de siste 200 åra.

**Naturnavn, f.eks. Vassenden, Breivika og Sandbakken**
Til denne kategorien regner vi navn som er knytta til ulike lokaliteter i naturen, og som avspeiler naturgitte forhold. Navna står i bestemt form, i motsetning til de to første gruppene. Også dette er ei nyere navnegruppe, noe den store overvekten av kun etterreformatoriske kildebelegg understreker.

**Sammenliknings- og oppkallingsnavn**
Sammenlikningsnavn er navn som har kommet til ved likhet i form, utseende eller egenskap med et tidligere kjent objekt, f.eks. Kalvskinn. Oppkallingsnavn er navn som er lånt fra andre steder, f.eks. garden Tandberg som er oppkalt etter en gard på Toten. Gruppa teller 24 navn, herav bare ett i en førreformatorisk kilde. Årsaken til at de fleste bare forekommer med nyere belegg, er at bruka som bærer navna, er relativt unge plasser og rydningsgarder.

**Avledede navn**
Definisjonen på avledede navn er navn (eller ord) som er sammensatt av ei rot eller en stamme og et avledningssuf-

fiks. Gardsnavn som Skarpen og Lysingen er eksempler på dette. Vi finner kun 8 navn som hører til denne gruppa, hvorav 2 forekommer i førreformatoriske og resten i etterreformatoriske kilder.

**Andre**

Til denne gruppa regner vi imperativnavn (Bilitt, Stålitt), navn med -um-ending der tolkinga er usikker (f.eks. -(h)eim-navn eller navn i dativ) samt andre navn som ikke har latt seg plassere i noen av gruppene. Alle de 23 navna i denne kategorien har kun etterreformatoriske belegg.

**Litteratur:**

Harald Hveberg: Hadelands historie til 1500-tallet. I Hadeland Bygdebok bind IV. Oslo 1953.

Oluf Rygh: Norske Gaardnavne. Forord og Indledning. Kra. 1898.

- : Norske Gaardnavne IV,2 Kristians Amt. Kra. 1902.

Tom Schmidt: Fagordliste for norsk namnegransking. Oslo 1981.

Ola Stemshaug: Namn i Noreg. Oslo 1973.

## STADNAMNPROPOSISJONEN

Framlegget til lov om skrivemåten av stadnamn har vore føljetong i bladet vårt i fleire år. Etter at odelstingsproposisjon nr. 66 for 1988-89 vart fremja 14. april i år, rekna ein med at saka ville verta handsama i Stortinget før sommarferien.

Men nei, det vart det ikkje tid til. Proposisjonen måtte dragast attende, for så å verta lagd fram på nytt for det neste stortinget. Og no har han fått tittelen Ot.prp. nr. 2 (1989-90) Lov om skrivemåten av stadnamn. Den nye proposisjonen er identisk med den førre, bortsett frå nokre få ortografiske endringar. Den nye proposisjonen inneheld berre lovutkastet. Førearbeida og merknadene frå departementet er å finna i den førre proposisjonen.

# DEN 10. NORDISKE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN

## Brandbjerg 20.-24. mai 1989

Den 10. nordiske namnegranskarkongressen vart arrangert i vakre omgivnader på Brandbjerg folkehøgskule litt nord for Vejle på Jylland i Danmark. Deltakarane på kongressen fekk oppleve fem innhaldsrike maidagar. Det var naturleg at den faglege delen av programmet dominerte dei fleste dagane, men dei ulike sosiale samvær i det vårlege jyske landskapet var òg med og sette sitt positive preg på kongressen.

Hovudemnet for kongressen var **analogi i namngiving**. Termen analogi har mellom anna den leksikalske tydinga "likskap, samsvar", og kan av namnegranskarar nyttast om til dels ulike tilhøve ved onomastikken. Dette siste synte seg i dei noko ulike foredragsemna.

Det var i alt 67 deltakarar frå 11 land på kongressen. Frå dei fem nordiske landa møtte 16 deltakarar frå Danmark, 11 frå Finland, 1 frå Færøyane, 4 frå Island, 12 frå Noreg og 16 frå Sverige. I tillegg møtte 2 frå Belgia, 1 frå kvart av landa DDR, Holland og Sveits, og 2 møtte frå USA.

### FOREDRAGA

Det vart halde i alt 16 foredrag. Desse hadde, som alt nemnt, ulike tilnærmingar til hovudemnet analogi i namngiving. Eg har derfor funne det naturleg å omtale foredraga i grupper etter det namnematerialet som var utgangspunktet for det enkelte foredrag.

### Teoretiske synspunkt

Dei innleiande foredraga la hovudvekt på teoretiske sider ved namngiving og analogi.

**Eero Kiviniemi, Finland**, såg på analogi som ein del av den "toponomastiske teorien", dvs. den grammatikken som forklarar språklege sider ved namngivinga. Kiviniemi hadde kome fram til at proprielle samansetningar oftast er individuelle lagingar som ikkje førekjem i appellativisk

bruk. Desse individuelle lagingane fungerer så som eit slag analogimodellar for ny namngiving.

Vidare viste Kiviniemi til det mykje diskuterte spørsmålet om grensedraging mellom stadnamn og appellativiske nemningar. Han hadde granska eit materiale med dei om lag 1000 mest vanlege finskspråklege stadnamna. Ei systematisk samanlikning mellom desse namna og geografiske appellativ syner at der er visse samsvar. Eit interessant spørsmål vert då om ei liknande undersøking i eit anna språk vil syne same relasjonar mellom appellativ og stadnamn.

Det er problematisk for den toponomastiske teorien å forklare stadnamn som har eit appellativisk motsvar. Slik appellativisk namngiving står tilsynelatande i motsetning til analogisk namngiving. Men denne motsetninga er ikkje reell, meinte Kiviniemi, problemet er heller å dra grensa mellom desse to namnekategoriane.

**Bengt Pamp, Sverige**, poengterte at analogi er eit samsvar, heilt eller delvis, mellom to eller fleire onomastiske uttrykk. Analogien er ei kraft som verkar sterkare ved namnelaging enn ved andre språklege lagingar. Pamp sette dette i samband med semantikken i stadnamn. Namneledd kan miste si ikkje-onomastiske tyding, og på den måten semantisk og fonologisk leva sitt eige liv til skilnad frå det ikkje-onomastiske motstykket.

Oppkallingsnamna er døme på analogisk laging. Dei kan ofte ha "dubbel semantisk laddning". Motenamna ligg nær oppkallingsnamna, men til skilnad frå desse er språklege element viktigast i motenamn.

I den såkalla naturlege namngivinga finn ein òg ei form for analogi. Pamp viste til undersøkingar som syner at det er bestemte appellativ, til dømes på høgder, som er nytta i stadnamn. Slike namneledd vert mønstergivande ved nylagingar. Dette gjeld særleg etterledd, men Pamp meinte det òg i mindre grad gjeld forledd. Det er rimeleg å tenkje seg at av fleire karakteristiske drag ved ein lokalitet vil ein namngivar velja eit trekk med ei nemning som alt eksisterer som forledd i stadnamn i nærleiken.

**W. F. H. Nicolaisen, USA**, understreka kor viktig analogi er for kreativitet innanfor tradisjonelle grenser. I koloniserte område er analogiske lagingar særleg frekven-

te. Nicolaisen viste til det skandinaviske namnematerialet i Skottland, og la særleg vekt på dei morfologiske mønstra der.

**Namngiving og språkkontakt**

Fleire av foredraga handla om kva som skjer med eit namnemateriale når folk flytter frå ein stad til ein annan. Det syner seg at namna på den nye staden svært ofte vert laga etter mønster av namna på den gamle heimstaden.

**Gillian Fellows-Jensen, Danmark,** hadde granska nordiske namn i det midtskotske låglandet. Materialet hennar var om lag 20 namn med etterleddet -by og 29 namn samansette med nordiske personnamn og det engelske etterleddet -tūn. Namna på -by syner stor likskap med -by-namn i Danelagen, og kan såleis vera resultat av analogisk laging. Dei 29 -tūn-namna har truleg namn etter innflytte vikingar eller menn innførte frå Danelagen. Men nokre av -tūn-namna har seinare vorte endra etter påverknad av engelske namn på -ingtūn. Slike namn finst i Sør-Skottland.

**Svavar Sigmundsson, Island,** tok opp spørsmålet om kor stor innverknad eksisterande namn har på ny namngiving. Det er truleg at landnåmsmennene på Island nytta namn frå heimstaden sin då dei skulle namngi lokalitetar på Island. I somme høve var det overføring av namn, i andre høve var det bestemte namneledd frå Skandinavia som vart nytta.

Landnåmsmennene kom frå ulike land med sine språklege særpreg. Trass i det stabiliserte ordtilfanget seg etter kvart. Det galdt også ordtilfanget i stadnamn. Det er derfor bra samsvar mellom namneledd og appellativ på Island i dag sjølv om der er visse dialektskilnader.

Det er ikkje alltid semantisk samsvar mellom eit overført namn og nytt denotatum. Dette fenomenet kjenner ein òg frå Canada. Islendingar busette seg der på 1800-talet og nytta namn dei kjende frå Island.

**Rob Rentenaar, Holland,** heldt foredrag om namn på lokalitetar langs kysten, kalla litorale namn. Det er to hovudgrupper av litorale namn:

1) submarine namn, dvs. namn som denoterer lokalitetar under vassflata, og

2) supramarine namn, dvs. namn som denoterer lokalitetar over vassflata.

Ei samanlikning mellom desse gruppene viser at det submarine namnetilfanget langs Nord- og Nordvest-Europa har fleire fellestrekk enn det tilsvarande supramarine tilfanget. Ulike namnebrukarkrinsar (fiske, sjøfart) kan vera noko av forklaringa på dette.

Forma på ein lokalitet har ofte vore namngivingsgrunn. Orda som er nytta i slike namn, kan tyde på visse analoge tendensar i særleg det submarine namnetilfanget. Til slutt stilte Rentenaar spørsmålet om den nederlandske kartografien kan ha vore årsak til analogilagingar i den litorale toponymien.

**Ernst Eichler, DDR,** understreka at verknaden av analogi særleg er merkbar i stadnamn frå ikkje-tyske språk. Framfor alt gjeld dette namn laga av vestslaviske og baltiske substrat (opphavsspråk). Analogiverknaden syner seg her som eit viktig formande element. Særleg er dette merkbart i skriftspråket, men også i vanleg talespråk og i dialektar er analogien tydeleg.

**Analogi ved namneendring**

Nokre foredrag tok for seg endring av stadnamn og vurderte i kor stor grad desse var resultat av påverknad frå eksisterande namnetilfang.

**Vibeke Dalberg, Danmark,** hevda at toponymisk analogi også spelar ei rolle ved namneendringar. Dette kan ein påvise der eit stadnamn etter endring syner fullt eller delvis samsvar med eit stadnamn av anna opphav. Slike analogiske endringar kan gjelde heile namnet eller berre første eller siste leddet. Endring av etterleddet i eit namn er mest frekvent, og det var denne typen endring som var hovudemnet i foredraget. Dalbergs materiale synte døme på endring av etterledd som har ført til samanfall med velkjende appellativ (homonymi), såleis bustadnamna Rudersdal (1682 Rude Stald), Søndbjerg (1408 Sundberk) og Haslund (1688 Hasslum). Samsvaret mellom denotatum og tydinga av namnet vert brote ved slike endringar.

Termen "folkeetymologi" vert ofte nytta til å forklare slike endringar. Dalberg meinte denne termen er uheldig, og viste tentativt til termar som redefinering og resemantisering.

**Botolv Helleland, Noreg**, tok for seg hokjønnsord i bunden form nytta som bustadnamn. Desse namna var henta frå område i landet som framleis har levande dativ. I slike område vekslar det mellom nemneformer på -a og dativformer på -en. I dag ser det ut til å vera ein aukande tendens til -en-ending i denne namnegruppa. Eit av spørsmåla som Helleland reiste, var om denne tendensen er resultat av syntaktisk funksjon, dvs. av at bustadnamn oftast vert nytta i dativ, eller om endringa er påverka av felleskjønnsforma i bokmål. Han meinte den siste forklaringa er mest truleg, og peika dermed på konflikten som oppstår når desse namna skal skrivast på kart.

I denne samanhengen skal òg nemnast foredraget til **Lars Huldén, Finland**. Det handla ikkje om namneendring, men om at nye bustadnamn ikkje får forventa bestemt form, men derimot ubestemt form. Ubestemt form vert tradisjonelt sett på som eit eldre drag ved stadnamn. Huldén tok utgangspunkt i eit finlandssvensk materiale som var samla inn i 1920-åra i Österbotten. Detaljgranskinga har omfatta ca 210 namn frå landsbyen Oxkangar. Usamansette (22) og laust samansette namn (ca 60) med hovudtrykk på siste leddet har som hovudregel bestemt form. Men biletet er ikkje så klårt ved toledda namn med hovudtrykk på forleddet. Desse namna, som utgjer størstedelen av materialet, viser tydelege lokale variasjonar. Namn som til dømes endar på terrengorda holm, kärr, ör og mosse, har stor overvekt av ubestemt form. På dette grunnlaget er det vanskeleg å trekkje allmenne slutningar. Huldén stilte spørsmålet om det kan vera samsvar mellom ubestemt form og den store mengda av framande (finske) namn i same område.

## Analogi i personnamngiving

Dei fylgjande samandraga gjeld foredrag med personnamn som materiale. Her vart analogiverknaden sett i høve til endring av namn og i høve til nylaging og ny bruk av namn.

**Anne Svanevik, Noreg**, la fram eit materiale som var henta frå 400 skjema nytta ved søknad om endring av personnamn året 1983. Desse endringane har ho systematisert etter bestemte reglar, og i foredraget var det endring av slektsnamn som var emnet. Året 1983 var valt fordi ei nyordning frå 1. januar dette året gjorde det enklare å endre personnamn. Svanevik vil mellom anna kartleggje analogiar i namneendringane, og ein førebels konklusjon er at norske gardsnamn eller slektsnamn som liknar på gardsnamn, er meir frekvente etter endring enn før endring.

**Gulbrand Alhaug, Noreg**, hadde granska kvinnenamn som endar på -y. Materialet var henta frå Nord-Noreg, der det mot slutten av 1800-talet var ein veldig auke i bruken av slike namn. Desse namna har både norrønt og engelsk opphav, men Alhaug meinte den engelske påverknad har vore sterkast. Etter mønster av denne svært ekspansive namnegruppa har det vorte laga nye skandinaviske kvinnenamn på -y. Og som endå eit resultat av denne namnemoten kunne Alhaug vise til at det ved århundreskiftet oppsto eit nytt suffiks -ly. Dette suffikset vart brukt i både manns- og kvinnenamn, og eit interessant spørsmål her er om det er muleg å kartleggje sosiale og regionale variablar i bruken av desse namna.

**Guðrún Kvaran, Island**, drøfta nylaging av islandske personnamn og den påverknaden eksisterande namn har når nye namn vert laga. Nylaging kan skje ved nye samansetningar der til dømes sisteleddet er eit tradisjonelt namneledd (-geir, -björn, -björg, -rún), medan forleddet ikkje har tradisjon som ledd i personnamn. Eit interessant trekk ved nylagingar i dag er at innlånte dyre- og plantenemningar, som har innordna seg islandsk bøyingsmønster, har kome i bruk som personnamn.

Materialet til **Lis Weise, Danmark**, var tilnamn oppskrivne i byrjinga av 1980-åra i eit mindre øysamfunn. Weise presiserte at analogilagingar skil seg frå "vanlege" nylagingar ved at dei ikkje fylgjer alminnelege språkreglar, men går på tvers av forventa eller meir regelrett språkbruk. Men sjølve analogilaginga skjer etter bestemte reglar, og det er derfor muleg å setja opp ulike typar av

tilnamn laga ved analogi. Undersøkinga viser at dei fleste analogiane bruker appellativisk ordstoff framfor onomastisk.

**Historisk materiale**

To av foredragshaldarane gjorde greie for undersøkingar som hadde nytta personnamntilfang frå mellomalderen.

**Karen Thuesen, Sverige**, heldt foredrag om kvinnenamn i folkeviser med dansk tradisjon. Ho ville finne ut om det var typologisk skilnad mellom kvinnenamn og mannsnamn i folkevisene. Resultata viser at det er samsvar mellom frekvente mannsnamn i folkevisene og frekvente mannsnamn i allmenn dansk bruk i mellomalderen. For dei tilsvarande kvinnenamna er bildet annleis. Ein del av kvinnenamna i folkevisene har ikkje parallellar i alminneleg dansk namnebruk, men har vorte laga innanfor visa sitt eige univers. Desse sjangerspesifikke namna er alle ditematiske, og dei er ikkje særleg frekvente. Namna kan ha direkte nordisk eller tysk førebilete, eller berre ha allment germansk grunnlag. Desse analoge lagingane kan indikere at folkevisesjangeren har sitt opphav i ein gamal tyskinspirert tradisjon.

**Hans-Peter Naumann, Sveits**, hadde undersøkt nordiske personnamn i kjelder skrivne i Sveits (Reichenau), Sverige (Lund) og nokre klostersamfunn i Frankrike. Materialet syner både likskap og regionale skilnader.

Som desse 16 foredraga syner, er det muleg å trekkje inn analogi som eit særskilt aspekt ved svært ulike sider av onomastikken. Det kan kanskje vera nyttig å stille spørsmål om termen analogi på førehand burde vore meir presist definert og avgrensa i høve til emnet for kongressen. Men konklusjonen må verte at kongressen gav eit varierande og spennande bilete av kva nordisk onomastikk er opptatt av i dag. Såleis er det vel verdt å sjå fram til rapporten med dei trykte foredraga.

Margit Harsson
Oslo

## NAVF satsar på Nord-Noreg:

## SEMINAR OM NAMNEGRANSKING OG SPRÅKKONTAKT

I samband med at Noregs allmennvitskaplige forskingsråd har sett i gang eit forskingsprogram om nordnorsk språk, blei det skipa til eit seminar 2. mai ved Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø. Tema for seminaret var namnegransking og språkkontakt i Nord-Skandinavia. Denne oppsummeringa handlar berre om emne som blei handsama under namnegranskingsdelen på seminaret.

Professor Ernst Håkon Jahr, som er tilsett på NAVFs forskingsprogram for gransking av nordnorsk språk, stod for tilskipinga av seminaret. Seminaret blei opna av prorektor Ole Mjøs, professor i medisin ved Universitetet i Tromsø. For å markere at det er 150 år sidan Karl Rygh blei fødd, har stadnamnarbeidet hans frå 1871, "Bemerkninger om stedsnavnene i den søndre del af Helgeland", i år komme i ny utgåve på Novus Forlag. Arbeidet om stadnamn på Helgeland er den første stadnamnmonografien som er skrive i Noreg, og sjølvsagt også om nordnorske stadnamn. Professor emeritus Alfred Jakobsen fortalte om Karl Rygh som stadnamngranskar. Denne utgreiinga er trykt som innleiing til nyutgåva av Ryghs arbeid. Grunnen til at Rygh valte ut Helgeland som granskingsområde, heng saman med ein teori om at den første nordiske innvandringa til Noreg skjedde i helgelandsområdet. Helgeland og namnet Hålogaland stod derfor i fokus under seminaret.

Eirik Liland, undervisningskonsulent ved Institutt for språk og litteratur ved Universitetet i Tromsø, fortalte om namngjeving av fiskemeder på Helgeland. Liland har samla inn namn på om lag tusen fiskeplassar frå havet rundt Tjøtta. Ut frå dette store materialet undersøker han om ein kan finne prinsipp for namngjeving av fiskeplassane etter grunnorda i stadnamna. Olaf Jansen Westvik, førsteamanuensis i tysk språk ved Universitetet i Tromsø, oppsummerte forsøka på tolking av namnet Hålogaland og folkenemninga håløyg. Jansen Westvik hadde knapp tid til å greie ut om eit vanskelig emne, og fikk derfor ikkje tid

til å setje fram sitt eige tolkingsforslag. Innlegga på seminaret skal trykkast i Nordlyd, skriftserien som Institutt for språk og litteratur i Tromsø gjev ut. Den interesserte lesaren må vente heilt til Nordlyd kjem i trykken for å få vite "løysinga" på problemet Hålogaland/hålløyg.

I Noreg er det ikkje mange som driv med personnamngransking. Førsteamanuensis Gulbrand Alhaug ved Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, er den einaste i Nord-Noreg som forskar på dette emnet. Om nordnorske personnamn er det skrive berre to hovudfagsavhandlingar og om lag 200 sider artikkelstoff. Samiske personnamn er det nesten ikkje skrive noko om, og om finske personnamn i Noreg er det ikkje publisert noko i det heile tatt. Svært mange meiner at nordnorske personnamn er rare. Denne oppfatninga meiner Alhaug kan henge saman med artikkelen "Navneskikker i Nord-Norge" (Maal og Minne 1942) av I. Reichborn-Kjennerud, og ein artikkel underteikna "Embedsmann", trykt i Tidens Tegn i 1922. Her finst det døme på raritetar i namnevegen som Fruktkrem og Klosetta. Alhaug har undersøkt alt folketeljingsmateriale frå 1865 og 1900 i Finnmark, Troms og den nordlige delen av Nordland, men har ikkje påvist namn av denne typen. Likevel meiner Alhaug at namnelagingssystemet i Nord-Noreg er meir kreativt enn t.d. det ein finn på Austlandet. I Nord-Noreg er namneleddssystemet mykje brukt, dvs. eit namnelagingssystem der delar av namn kan kombinerast slik at nye namn oppstår. Eit døme på slik namnelaging er namnet Signor som er laga av namneledda Sig-vald og Magnor. Namnet er heilnorsk og ikkje noko italiensk lån, som ein lett kunne tru. Ved at det meste av folketeljingane no er dataregistrert, finst det store mengder materiale tilgjengelig for namneforskarar. Den gode tilgangen på materiale vil trulig føre til at fleire har lyst til å begynne med personnamnforsking.

Vitskaplig assistent Aud-Kirsti Pedersen, amanuensis Eira Söderholm og dosentstipendiat Nils Jernsletten greidde ut etter tur om norsk, finsk og samisk stadnamngransking i Nord-Noreg. Det er lite som er gjort av stadnamngransking i Nord-Noreg, uansett språk. Det er

skrive minst om finske stadnamn og mest om norske. Når det gjeld materiale, er det samla mest finske stadnamn (i høve til den totale mengda av registrerte og uregistrerte stadnamn), og minst norske namn. Grunnen til at mykje av det finske stadnamnmaterialet i landsdelen er blitt samla inn, er at stadnamnarkivet i Helsingfors har fått utført dette arbeidet. Alle såg mørkt på perspektiva framover for stadnamngranskinga i Nord-Noreg. Det finst ingen stillingar øyremerkte for dette forskingsfeltet, derfor er det uvisst kva ein kan vente seg. Det heile avheng av om det finst enkeltpersonar som tilfeldigvis interesserer seg for disiplinen. Innan fagmiljøet er ikkje stadnamngransking "på mote" lenger, trass i at det er stor interesse for emnet blant vanlige folk. Universitetet i Tromsø har eit spesielt ansvar for å utføre gransking som er relevant for landsdelen. Likevel finst det ikkje vilje til å prioritere forskingsfeltet namnegransking, eller planleggje kva universitetet kan gjøre for å samle inn stadnamn i landsdelen. Utgreiinga NOU 1983:6 Stadnamn har heller ikkje retningslinjer som sikrar at stadnamna i landsdelen kan bli systematisk samla inn og utforska.

Tida til diskusjon var knapp, og det kom ingen forslag under seminaret til kva som kan gjørast for å betre situasjonen for stadnamngransking i Nord-Noreg.

Aud-Kirsti Pedersen
Tromsø

Det nemnde nummeret av Nordlyd har no komi ut og kan tingast hjå

Jorun Nordmo
Institutt for språk og litteratur
Boks 1090 Breivika
9001 TROMSØ
Tlf. 083/44240

## FORSKERKURS I UPPSALA 7.-12. AUGUST 1989

På oppdrag av NORNA arrangerte Universitetet i Uppsala et kurs i stedsnavn og bebyggelseshistorie 7.-12. august 1989. Utgangspunktet for kurset var tverrvitenskapelig, og både blant forelesere og deltakere var det stor faglig bredde. I tillegg til navneforskere deltok det både arkeologer, kulturgeografer og historikere. På grunn av tverrfagligheten var det på forhånd sendt ut en fyldig liste over litteratur som deltakerne burde gjøre seg kjent med. Det var imidlertid mange som savnet en forhåndsinnføring i hva kulturgeografene driver med i navneforskningssammenheng.

Bebyggelses- og bosettingsonomastikk sto i sentrum. Første kursdagen ble det tatt opp emner som stedsnavntypologi (Thorsten Andersson), stedsnavnstruktur (Stefan Brink) og stedsnavnkronologi (Stefan Brink og John Kousgård Sørensen).

Thorsten Andersson drøftet bl.a. typologi som aldersindikator. Dernest kom han inn på stedsnavn og suffikser som betegner bebyggelse. Det er ikke mange som primært er bebyggelsesbetegnende, men han nevnte suffikset -inge og navn på -by/-bø. Likedan er -torp klart bebyggelsesbetegnende, mens -heim er mer usikkert. Andersson kom også inn på stedsnavnelementer som forteller om gravminnesmerker. Når det gjelder f.eks. -haug-navnene, er det et klart behov for samarbeid mellom navneforskere og arkeologer. Er det her snakk om naturlige forhøyninger i terrenget, eller står vi overfor gravhauger? Ellers kom han inn på førkristen religion i navngivingen, og han drøftet navneelementer som -vi/-ve, horg og hov. Til slutt behandlet han navneelementer som avspeiler gammel samfunnsorganisasjon. I denne sammenhengen kom han bl.a. inn på Husaby-navnene.

Stefan Brink snakket deretter om strukturer i det bosettingsonomastiske landskapet. Den strukturalistiske tankegangen tar utgangspunkt i at noe er felles. Hva skiller og hva er felles i nordisk navneskikk? Materialet må være lingvistisk bearbeidet, men skal man kunne anvende stedsnavn i en bebyggelseshistorisk sammenheng, må man se på strukturen i materialet.

John Kousgård Sørensen snakket om stedsnavnstruktur fra et språklig synspunkt. Han innledet med å presentere noen viktige tradisjoner innen stedsnavnforskningen i Norden. Deretter redegjorde han kort for nyere strømninger som stedsnavngrammatikk og stedsnavnsosiologi.

I sin neste forelesning ga Brink en allmenn oversikt over stedsnavnkronologien i Skandinavia.

Kousgård Sørensen stilte så spørsmålet: Hvorfor skal vi datere stedsnavnene? Han ga selv svaret: Stedsnavn beskriver natur og kultur. Vi vil vite hvilken tids natur og kultur. Deretter gikk han inn på språklig datering av stedsnavn.

Neste økt handlet om ikke-språklig datering av stedsnavn. Brink presenterte en rekke metoder for relativ og absolutt datering, men han konkluderte med at den ikke-språklige dateringsmetoden som blir mest anvendt, er den arkeologiske, som i denne sammenhengen gir absolutte resultater.

Biologen Roger Engelmark redegjorde for den paleoøkologiske metoden med pollenprøver til datering av f.eks. et bosettingsområde. Metoden er effektiv og pålitelig, men den er svært kostbar og tidkrevende å benytte.

Hovedtemaet for neste kursdag var "Bebyggelsesutvikling fra bronsealder til middelalder. Ekspansjon og kontraksjon - innvirkning på stedsnavnmaterialet". Her ble emnet belyst av både kulturgeografer, arkeologer og navneforskere.

Arkeologen Klas-Göran Selinge snakket om bebyggelsesarkeologiske aspekter på det eldre kulturlandskapet i Sverige, og kulturgeografen Ulf Sporrong redegjorde for kulturlandskapets utvikling.

Stefan Brink tok opp problematikken omkring bebyggelseskontinuitet og dyrkningskontinuitet i Norden. Han kom bl.a. inn på bosettingens konstans i landskapet. På dette området skjedde det en rekke forandringer i Sør-Skandinavia på 1000-tallet. Dersom et område har vært dyrket kontinuerlig, er det sannsynlig at det ikke har vært brudd på navnekontinuiteten, selv om det har vært brudd i bosetting og bebyggelse på stedet.

Erland Porsmose og John Kousgård Sørensen foreleste om bebyggelseskronologi i Danmark fra henholdsvis arkeologisk og onomastisk synspunkt. Under forelesningene deres viste det seg at på dette området hersker det en viss motsetning mellom arkeologer og navneforskere i Danmark. Uenigheten dreier seg først og fremst om synet på de såkalte "vandrende landsbyene".

Onsdagen og torsdagen var satt av til ekskursjoner. Fra arrangørenes side var det lagt ned et stort arbeid i forberedelsen av ekskursjonene, både i å finne frem til interessante ekskursjonsmål, og i å utarbeide fyldige guider for ekskursjonene. Disse dagene ble det helt klart for deltakerne hvorfor et kurs i bebyggelseshistorie var lagt til Uppsala-området. Et rikere og mer anskuelig landskap kan neppe oppdrives! Ekskursjonene ble for øvrig avviklet med samme presisjon og effektivitet som resten av kurset.

Fredagen var "Norges dag". Først snakket Bjørn Myhre om stedsnavn og bebyggelse i jernalderen, belyst med eksempler fra Rogaland og Borre i Vestfold.

Emnet som Jørn Sandnes tok for seg, var "Gårdsnavn som speil for bebyggelseshistorien. Ekspansjons- og kontraksjonsnavn i Norge". Han hevdet bl.a. at i Norge er "landskyldmetoden" forholdsvis pålitelig når det gjelder datering av gårdsnavn. Prinsippet her er at landskyld og alder korresponderer: høy skyld - høy alder. Ellers kom han inn på problematikken omkring tolkning og datering av -staðir-navnene.

Av navnetyper kom Sandnes inn på "kolonisasjonsnavn", "fyllingsnavn" og "metningsnavn", som alle indikerer ekspansjon i bosettingen. Typiske kolonisasjonsnavn er naturnavn som Vik, Øy, Berg og Vin, og kulturnavn som Tun, Bø/By og Hov. Innenfor gruppen kolonisasjonsnavn plasserte han også dunkle navn som Sola, Goa og Tjora. "Fylling" definerte han som "utvidelse av gårdsbosettingen innenfor et potensielt gårdsområde". Som eksempler på fyllingsnavn trakk han frem bl.a. -vin, -heim, -vål, -stad, -set, -torp og -tveit. På områdenivå betyr metning fortetning,

gårddeling og utskilling av nye bruk. På gårdsnivå innebærer metning deling av enkeltgårder. Navn på -tun, -by, -gard, -hus osv. er metningsnavn, og det samme gjelder navn på Stor-/Litl-, Aust-/Vest- osv.

Som eksempler på det motsatte: kontraksjonsnavn, trakk Jørn Sandnes frem navn som Ødegard, Øygarden, Bøle, Ødebøle. Det finnes også tegn som tyder på at -staðir kan ha fungert som kontraksjonsnavn.

Samme dag foreleste Sölve Göransson om landsbystruktur og bebyggelsesforflytninger i det østre Sverige, og Lars Huldén holdt en forelesning om "Stedsnavn og bebyggelse i yngre bygd: de svenske stedsnavnene i Finland".

Siste dagen var hovedemnet "Bygd og distrikt". Thorsten Andersson holdt en forelesning om territoriell inndeling i Sverige fra språklig synspunkt. Først ga han en generell oversikt over emnet. Deretter tok han for seg härads- og hundaresinndelingen. Begrepet hundare har trolig sammenheng med tallordet hundre og betegner opprinnelig en forsvarsmessig, leidangsliknende enhet som skulle stille en styrke på hundre mann til forsvar av landet.

Sölve Göransson foreleste deretter om territoriell inndeling fra kulturgeografisk synspunkt med eksempler fra Öland.

Den siste forelesningen handlet om danningen av sokn under kristendommens etableringsfase i Norden, og ble holdt av Stefan Brink.

Tre av kursdagene ble avsluttet med et seminar hvor man tok opp emner fra forelesningene og ekskursjonene til diskusjon. Samtalen gikk livlig, og de to timene som var satt av til formålet, viste seg å være for snau tid.

Undertegnede er nærmest å regne for nybegynner i navneforskningen, men jeg fikk stort utbytte av kurset, og jeg opplevde det som en fin inspirasjon til videre innsats.

Eilert Skjævestad
Færvik

## HURUMPROSJEKTET

Da Stortinget i fjor vedtok at det skulle byggjast storflyplass på Hurum, peikte Institutt for namnegransking på at innsamling av stadnamn burde bli ein del av kulturminneregistreringa i området. Instituttet har sidan utarbeidd planar for eit større prosjekt og søkt statlege og fylkeskommunale instansar om midlar til å gjennomføre det. Som tidlegare meldt i bladet, har Akershus fylkeskommune løyvd 30 000 kroner til innsamling spesielt i Nesodden, Frogn og Ås, men elles har vi fått berre avslag til no. Prosjektet har likevel vorti positivt vurdert overalt, og på grunnlag av søknaden frå Institutt for namnegransking har Riksantikvaren ført det opp med 900 000 kroner i ein samlesøknad om kulturvernpengar frå Miljødepartementet. Berre det at vi hadde nådd dit, var så lovande at vi sette nytt håp til sjølve utfallet med.

Men før departementet vann å svara, kom det ein rapport som fortalde at det er for mykje skodde på Hurum til at det kan vera tenleg med flyplass der. Samferdselsministeren har på dette grunnlaget i røynda alt avvist heile utbygginga, og det nye stortinget kjem truleg til å følgje etter med eit formelt nei. Det førebuande arbeidet som er sett i gang, skal likevel halde fram, men det blir venteleg ikkje løyvd pengar til nye tiltak. Dermed har det atter mørkna for namneprosjektet òg.

KK

## STEDSNAVNSEMINAR PÅ AGDER

**Agder historielag** i samarbeid med Nordisk institutt ved ADH arrangerte 30. september et dagsseminar om stedsnavn og navneinnsamling. Seminaret, som samlet omkring 70 deltakere, tok for seg ulike sider ved stedsnavn spesielt i Aust- og Vest-Agder. Olav Hårtveit foreleste om hva navnene kan fortelle ("Kulturhistorisk synsvinkel på stedsnavn"), Ole Bernt Syvertsen drøftet normeringsspørsmål, spesielt mht. navn i byene, Martin Skjekkeland tok for seg spørsmål som gjelder innsamling, og Tom

Schmidt viste eksempler på praktisk nytte av lokale og sentrale navnesamlinger og på datamaskinell lagring og bruk av stedsnavnsamlinger. I en avsluttende paneldebatt ble det vist eksempler på fullførte navneinnsamlinger (Søgne, Landvik) og bl.a. diskutert hvordan man skal få organisert et regionalt prosjekt for navneinnsamling.

## KURS I STADNAMNINNSAMLING

I tilknyting til innsamlingsprosjektet i Oppland heldt Margit Harsson og Trond-Ole Haug kurs i Øyer 18. og 25. september. Det kom over 20 deltakarar som fekk både kunnskap og kveik til å setje i gang med innsamling. Også i media var det respons: Avisa Dagningen hadde ein livfull omtale av første kurskvelden over ei heil side i laurdagsbilaget sitt. I oktober blir det eit tilsvarande kurs for Nord-Fron og Sør-Fron saman.

I Asker og Nesodden skal det haldast innsamlingskurs med støtte frå Akershus fylkeskommune, som har løyvd pengar til dette i samband med stortingsvedtaket om å byggje storflyplass på Hurum. Begge kursa skal avviklast i haust. Stadnamn blir òg emnet for foredrag i Andebu pensjonistlag og Nittedal historielag.

## EDB VIKTIG LEDD I INNSAMLINGEN AV STEDSNAVN I FET

Denne høsten vil Fet historielag begynne å samle inn stedsnavna i Fet kommune i Akershus. Historielaget har i samarbeid med Lokalhistorisk ressurssenter i Fet planlagt innsamlingen.

Det som skiller denne innsamlingen fra andre måter å samle inn navn på, er at oppskriverne leverer materialet til Lokalhistorisk ressurssenter som med en gang legger det inn på data. Innsamlerne benytter det samme navneskjema som ressurssenteret bruker når navna blir skrevet inn på data. På denne måten vil en spare mye arbeid i innsamlingsprosessen.

Programvaren som brukes er Rubreg. Den er utviklet av amanuensis Kåre Andersen ved HF-data, Universitetet i Oslo. Vi bruker samme skjema som ble presentert i vedlegg til Nytt om namn 9, 1989. Når innsamlingen er avsluttet, vil materialet utgjøre en database som vil bli overført til den lokalhistoriske avdelingen ved Fet folkebibliotek. Institutt for navnegransking vil få tilsendt materialet på disketter.

Fet historielag har knyttet til seg mange lag og foreninger i bygda i forbindelse med denne innsamlingsaksjonen. Skogeierlaget, grunneierforeningene, pensjonistforeningen, husflidslaget, jordbruksforeningen, jeger- og fiskeforeningen, bondekvinnelaget og andre er engasjert i innsamlingen av stedsnavn.

Nils Steinar Våge
Lillestrøm

## INTERESSANT MATERIALE FOR PERSONNAVNGRANSKERE

Lokalhistorisk ressurssenter i Fet, som drives av undertegnede, har opprettet flere databaser. Det bør være av interesse for navnegranskere å vite at deler av kirkebøkene for Fet kommune i perioden 1716-1885 er lagt inn på data. Det gjelder navn på døpte, viede og døde. Det er et unikt materiale som nå er tilgjengelig for forskere. I tillegg til dette kan vi nevne at vi har opprettet databaser for lokalhistorisk litteratur (398 artikler), arkeologisk materiale (92 løsfunn) og folketellingen 1801 for Fet og fire nabokommuner. Vi har nettopp begynt å legge inn folketellingen for 1865. Til sammen utgjør dette ca. 20 000 registreringer.

Alt dette materialet er nå gjort tilgjengelig for allmennheten ved at det er opprettet en lokalhistorisk dataavdeling ved Fet folkebibliotek.

Skolene i kommunen har begynt å ta databasene i bruk. Grunnskolerådet og Rådet for videregående opplæring har studert foretaket og er interessert i å prøve det ytterligere ut både i grunnskolen og i videregående skole.

Wigo H. Skråmm og Nils Steinar Våge

## NAVF-STØTTE TIL GRANSKING AV ETTERNAMN

Gudlaug Horgen har fått eit treårs stipend frå Noregs allmennvitskaplege forskingsråd (NAVF) til prosjektet "Etternamnsbruken på Vestlandet og Sørlandet i 1801". I søknaden til NAVF summerer ho opp prosjektet slik:

"Prosjektet går ut på å granske etternamnsbruken i Bergen og Kristiansand stift i folketeljingslistene frå 1801. Det er meiningi å dra ut dei personane som hadde etternamn, for å lage oversyn over

1) kor utbreidde slike namn var (geografiske skilnader)
2) kven som brukte dei (sosiale skilnader) og
3) kva type namn som var i bruk, fordelte på typane slektsnamn, gardsnamn og farsnamn.

Dessutan er det interessant å sjå på namnebruken innafor familien, for å finne ut om

4) gifte kvinner brukte sitt eige slektsnamn eller mannen sitt. I denne samanhengen er det også naturleg å ta for seg
5) slektsnamn brukte som mellomnamn."

Gudlaug Horgen er cand.philol. frå Universitetet i Bergen med hovudoppgåva "Ola på Ola, og endå ein Ola. Personnamn i Indre Sogn i folketeljingi av 1801" (1985). Nytt om namn gratulerer med stipendet, og ønskjer lykke til med eit løfterikt arbeid!

## STILLINGSNYTT

Margit Harsson tok til i amanuensisstillinga etter Kåre Hoel ved Institutt for namnegransking 1. august i år. Den vit.ass.-stillinga som ho hadde til da, finst ikkje lenger fordi universitetet har omskipa heile ordninga med rekrutteringsstillingar. I staden for den gamle vit.ass.-modellen skal det satsast meir på reine forskingsstipend. Det er høgst uvisst om og når vi kan få noko slikt.

Botolv Helleland ved Institutt for namnegransking har fått opprykk til førstelektor. Stillinga svarar til førsteamanuensis.

## NY INSTITUTTSKIPNAD VED UNIVERSITETET I OSLO

Hausten 1988 vedtok rådet ved Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Oslo at Norsk Målførearkiv, Norsk leksikografisk institutt og Institutt for namnegransking skulle slåast saman til eitt institutt. Eit framlegg om at desse institutta òg skulle gå saman med Nordisk institutt, gjekk ikkje igjennom da, men det skulle takast opp att i vårsemesteret.

I møte 1. mars 1989 vedtok så fakultetsrådet at alle dei nemnde institutta og Institutt for allmenn litteraturvitskap skulle slåast saman til eitt institutt. Det nye instituttet får 55 tilsette i fast vitskapleg stilling og blir dermed eit av dei største ved fakultetet. Arbeidet med å førebu overgangen tok til straks etter rådsmøtet, og nødvendige vedtak og val skulle gjerast så tidleg at instituttet kan vera i funksjon frå 1. januar 1990. Det er no vedteki reglement og valt råd, styre og styrar. Denne prosessen har gått greitt, og resultatet er til å leva med når ein først **skal** over i eit anna far. Når det gjeld administrative stillingar, ser det dessverre ut til å gå mot ei viss nedskjering for storinstituttet som heilskap. Det er òg usikkert om Avdeling for namnegransking i framtida får ha eit administrativt personale med den faglege kunnskapen som trengst for å styre arkivet.

Det nye storinstituttet skal heite Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Gamleinstitutta blir heitande avdelingar, og vi får namnet Avdeling for namnegransking.

Drøftingane så langt har i stor mon gått ut på å fastleggje kor tett dei gamle faga skal integrerast i den nye eininga. Her har nok meiningane og vonene vori delte, men det er mitt klåre inntrykk at dei fleste på grunnplanet har ønskt ein skipnad som kan ta vare på fagtradisjonane så langt det berre er praktisk mogleg. Reglementet kjem desse ønska i møte eit stykke på veg i og med at det gjev avdelingane råderett over tildelte driftsmidlar. Slik får dei iallfall eit rimeleg sjølvstyre i den daglege verksemda. Men sjølve tildelinga - snittet i kaka - skal storinstituttet ha hand om.

Dei institutta som skal gå saman, held no til på Øvre Blindern og i Chateau Neuf på Majorstua. Det er over 1 km mellom desse stadene. Skal storinstituttet fungere godt, lyt alle ha rom i same hus eller i det minste i nært naboskap med kvarandre. Fakultetet arbeider for å få dette til, men har samtidig understreka at romspørsmålet ikkje er så viktig at den formelle samanslåinga har kunna utsetjast. Det ser i skrivande stund (14. okt.) ut til at vi i Chateau Neuf får flytte opp til Blindern, og det vil eg for min del rekne for ei stor vinning reint fagleg - berre vi får nok plass! Førebels veit ingen når det kan bli alvor av flyttinga.

KK

## I ELLER PÅ VATERLAND?

Norsk språkråd har fått spørsmål frå Sverre Ingstad om det heiter i eller på Vaterland. Han har lagt merke til at mange bruker på, men meiner sjølv at det rette er i. Det finn han òg støtte for i dokument frå 1600-talet og i litteratur frå vårt hundreår. Språkrådet svarar:

Det heiter i Vaterland. Når mange finn det naturleg å seie på Vaterland, kjem det truleg av at på er den mest brukte preposisjonen ved namn på bydelar i Oslo: på Bjølsen, på Frogner, på Majorstua, på Torshov osv. Men framfor somme namn skal det vere i: i Gamlebyen, i Vaterland, i Vika.

Å velje rett preposisjon framfor stadnamn er ofte vanskeleg. Somme gonger kan ein få hjelp av etterleddet i namnet. Endar eit namn på -vik, er det oftast rett å bruke i. Men når etterleddet er -land, er ein like langt; ved slike namn blir både i og på brukte: i Oppland, i Irland, på Hadeland, på Island. Framfor det usamansette stadnamnet Land skal ein bruke preposisjonen i: i Land, i Nordre Land, i Søndre Land. I Norsk stadnamnleksikon står det at det heiter på Land, men det er ikkje rett; landingane seier i Land.

Når ein ikkje veit kva preposisjon ein skal velje, må ein finne ut kva folk som bur på staden, seier, og rette seg etter det.

Frå Språknytt 1, 1989

## REVISJON AV NORSK PERSONNAMNBIBLIOGRAFI

Det er no ti år sidan Terje Aarset gav ut Norsk personnamnbibliografi, og mang ein artikkel om personnamn har komi til på desse åra. Særleg først på 80-talet var det stor aktivitet i faget. Det er difor på høg tid å få revidert og supplert bibliografien. Terje Aarset og Institutt for namnegransking har gjort avtale om å laga ei ny utgåve saman. Den vil bli ordna litt annleis enn førsteutgåva, men kriteria for kva stoff som skal med, blir dei same som før. Det vil m.a. seie at vi òg tek med avisartiklar såframt dei har nokon fagleg verdi (og såframt vi finn dei).

Vi bed med dette lesarane om hjelp til å få nyutgåva så fullstendig som mogleg. Har de rettingar, tillegg eller merknader, så send dei til Terje Aarset, Møre og Romsdal distriktshøgskule, Boks 188, 6101 VOLDA, eller til Institutt for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3.

## UNDERLIGE NAVNE

I gamle dage var der i Arendal tre præster, som hed Bragar, Magelsen og Cormontan. Disse noget usædvanlige navne var, især for de omkringliggende distrikters bønder, haarde nødder at knække. Der fortælles da ogsaa om en bonde, som havde været i byen og kom hjem opfyldt af den dybeste forundring, skriver "Agder".

"Det er mærkeligt til navne, præsterne har i Arendal," sagde han. "Den ene heder Brakar, den anden Makalaus og den tredje Komogta'han!"

Frå Sundmørsposten 23.9.1901,
innsendt til Nytt om namn av Terje Aarset
Volda

## STEDSNAVN I ET SPRÅKBRYTNINGSOMRÅDE

Aud-Kirsti Pedersen: Stadnamnlån. Fonologi og ortografi i lydlig lånte stadnamn med eit oversyn over fonologien i norsk på Skibotn og i Kvenangsbotn. Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, hausten 1988. 366 sider med vedlegg.

Pedersens hovedfagsoppgave er banebrytende i norsk stedsnavnforskning; den er den første grundige utredningen av låneforhold i et flerspråklig område.

Avhandlingen består av to hoveddeler. I den første delen går Pedersen nøye gjennom stedsnavnene som blir brukt i norskspråklig tale på Skibotn og i Kvenangsbotn - som begge ligger i Nord-Troms - og disse navnenes forhold til de tilsvarende finske og samiske navn. Det norske materialet, som består av 1435 navn, har Pedersen samlet inn selv. I den andre hoveddelen tar hun opp problemer knyttet til ortografien, og da spesielt ortografien til lydlig lånte navn, altså navn som ikke har blitt tilpasset det norske språksystemet. For å underbygge denne diskusjonen har hun kartlagt hele fonemsystemet i de to dialektene. Begge hoveddelene i avhandlingen er så omfattende og krevende at de også hver for seg ville ha vært en fullverdig hovedoppgave.

Pedersen har hatt som en bærende idé endelig å kunne tilkjenne lånenavn den verdi de fortjener som en del av navneforrådet. Tidligere har man her gjerne snakket om forvansking og forvrenging, forenkla skrivemåte og mangelfull attgjeving osv., men Pedersen vil plassere slike navn - og etter min mening ganske riktig - i samme kategori som lånord: Når en norsktalende språkbruker har lånt et navn, enten fra samisk eller finsk, og som oftest samtidig tilpasset det fonetisk eller oversatt det slik at det passer inn i hans språksystem, har han på ingen måte vært med å "ødelegge" navn - han har bare overtatt det som en del av sitt eget språk. En annen sak er at stedet dermed har fått minst to navn, ett på långiverspråket og ett på låntakerspråket.

Det mest verdifulle for stedsnavnforskningen er den grundige diskusjonen Pedersen tar om begreper og termino-

logi for låneforhold. Hun nøyer seg ikke med å overta definisjoner fra tidligere forskere, men legger sin egen, selvstendige vurdering til grunn for drøftelsen. Jeg er helt enig med henne når hun tar avstand fra begrepene direkte lån og oversettelseslån: Begge lånestrategier er like "direkte", det er bare teknikken som varierer.

Pedersen har lagt vekt på å finne holdbare kriterier for å bestemme i hvilken retning navnene har blitt lånt: bosetningshistorie og ytre språkhistorie, selve navnematerialet med navnepar som representerer forskjellige lånestrategier, type lokalitet (mikroterreng, makroterreng) og de forskjellige etniske gruppenes ressursbruk. I tillegg kommer de få eldre skriftlige dokumentene som inneholder stedsnavn fra Kvenangsbotn og Skibotn. På dette grunnlaget har Pedersen bestemt herkomsten og låneretningen til nesten alle navnene i materialet, og hun har med all sannsynlighet som oftest kommet fram til det riktige resultatet. Ser man bort fra de fleste lydlige lån, sitter man likevel med en følelse av at diskusjonen av låneretninger på visse punkter kan være noe spekulativ. Dessuten ligger muligheten for sirkelkonklusjoner hele tiden på lur. Rent metodisk tror jeg det ville ha vært mer fruktbart først å klassifisere lånestrategien til de forskjellige navneparene uten å ta stilling til låneretningen, og deretter se på resultatene mot bakgrunn av bosetnings-, språk- og næringshistoriske fakta.

Pedersens framstilling av lånenavnenes ortografi er meget detaljert og til dels ganske komplisert. Den er velegnet som rettskrivningssystem for et vitenskapelig arbeid, men vil være vanskelig, ja kanskje umulig, å bruke i praktisk kartarbeid o.l. For den vanlige Ola nordmann vil det også være vanskelig å lese navn som er skrevet etter Pedersens regler. Hun foreslår bl.a. en skrivemåte som innebærer at man for visse lånetyper må bruke ortografi fra to forskjellige språk i ett og samme navn. Det er da snakk om navn der et norsk element har blitt føyd til et lydlig lånt finsk eller samisk element. Som regel er dette tilføyde elementet et topografisk appellativ eller et relasjonsord. Slike navn hører overgangstiden til; sannsynligvis er det bare "første generasjons"

lånenavn som representerer denne typen. Et særtrekk ved disse navnene er dessuten stor lydlig og strukturell variasjon.

Dette ortografiske problemet kan i de fleste tilfeller løses hvis man skifter fra en strengt synkronisk til en diakronisk synsvinkel. Da faller den norske navneformen bort. Det er her likevel helt riktig med Pedersen å advare mot spekulativ etymologisering tilbake til "det riktige og ekte navnet" når man ikke finner noen støtte for det i folkemunnen.

Pedersens oppgave er et skattkammer for enhver som interesserer seg for flerspråklige navnesystemer. Den gir kommentarer til nesten alle slags problemer en kan møte ved slik toponomastisk forskning. I tillegg finner en massevis av tabeller som en kan sammenligne med egne resultater fra andre trakter og annerledes forhold. Men det er også viktig å merke seg Pedersens ord at "på grunnlag av undersøkingar frå eitt materiale, kan ein ikkje uttale seg bastant om allmenne mønster som skal gjelde for alle område med stadnamnlån" (s. 134).

Eira Söderholm
Tromsø

## 8 500 STADNAMN I PRAKTVERK FRÅ SØGNE

Etter 6 års intenst og målmedvite arbeid har Søgne kommune med Oddbjørn Eikestøl som hovudredaktør gjeve ut Navn i Søgne. Det er eit praktverk som omfattar kart og namnelister med til saman 8 500 stadnamn frå Søgne i Vest-Agder. Boka er på heile 231 store sider og rikt illustrert.

I den innleiande delen av boka gjev Olav Hårtveit eit oversyn over namnelaging og namnetypar i Søgne. Her tek han for seg stadnamn som har bakgrunn i hus og tuft og dagleg stell, namn som viser til ferdsle og ulike aktivitetar, og namn som viser til plante- og dyreliv. Nokre særmerkte namnelekkar vert nærare kommenterte, t.d. flån f. 'opa, vid vassflate', glømster n. 'glove', kjømle f.

're'. Morosamt framstilte er avsnitta om Møssmørhola og Knøostkjerret og Anton og Tobine (dei siste om to skjer). I den store namnesamlinga er det såleis mangt ein kan forundra seg over. Det er nemleg ei utruleg detaljrik lokalhistorie som vert gjort tilgjengeleg gjennom denne stadnamnboka.

Jostein Andreassen har skrive eit oversyn over målet i Søgne, basert på ei rekkje dialektprøver. Sjølv innanfor eit lite område som Søgne er det ikkje så få skilnader.

Andreassen har saman med Hans Try stått for skrivemåten av namna. Dei har lagt seg på ei dialektnær line, noko som folk i kommunen truleg vil setja pris på. Men dei avvik på den måten noko frå normeringa på kart frå Statens kartverk.

Alle namna er kartfeste på Økonomisk kartverk med nummer og rutetilvising. Bak i boka er alle stadnamna førte opp alfabetisk, slik at ein lett kan finna fram til dei einskilde namna. Karsten Øydne har stått for kartarbeidet, som er framifrå gjort. Karta er nokså mykje minska, og det kan vera vanskeleg å finna fram til detaljane når det er over eit halvt tusen nummer på kvart blad. Men stort sett går det greitt å orientera seg.

Etter mitt syn er dette kanskje den finaste lokale stadnamnboka som har kome til no, og ho vil nok tena til inspirasjon for andre kommunar. Og enda viktigare: Søgne har no ein gong for alle teke vare på den viktige kulturskatten som stadnamna er.

BH

## ATLAS OVER BREER I SØR-NORGE

Som me veit, er det ikkje så reint lite av den norske fjellheimen som er dekt av brear og heilårsfenner. At dette har interesse for dei som steller med klima, nedbørsmålingar, vasskraft o.l., seier seg sjølv. Men også for namnegranskinga er det nyttig med eit samla oversyn over brear og fenner.

Like før årsskiftet kunne Noregs vassdrags- og elektrisitetsvesen ved Brekontoret leggja fram det nye breatlaset

som "Meddelelse nr. 61 fra Hydrologisk avdeling" (den førre utgåva kom i 1969), med Kristin Tandberg som redaktør. Namneregisteret inneheld vel 350 oppslag, men her må ein dra bort om lag 1/3 ettersom delar av same breen er sette opp for seg, t.d. Myrdalsbreen N, Myrdalsbreen S. Det førekjem ein del feil i skrivemåten av einskilde namn på karta, t.d. Buarbreen for Buerbreen, Breifonn for Breidfonn, Rembesdalskåki for Rembesdalsskåki, Fannaråken for Fannaråki. I registeret er stadnamna stort sett skrivne rett.

Av registeret kan ein elles sjå at ikring 60 % av brenamna er relasjonsnamn (sekundærnamn), noko som tyder på at individuelle særmerke i noko mindre grad enn for stadnamn flest ligg til grunn for laginga. Amanuensis Botolv Helleland har skrive ei kort innføring i typologien av brenamn. Her nemner han at dei viktigaste grunnorda er bre, fonn, is, jøkul, skavl og samanlikningsordet skåk.

BH

## NAMN OG STADER PÅ KVITSØY

Kvitsøy. Namn og stader heiter ei vakker og velskriven bok som Inge Særheim har gjevi ut. Kvitsøy er den minste kommunen i landet, berre 5.7 km$^2$, men har like fullt innpå 1000 stadnamn som har vorti registrerte og systematiserte gjennom det store namneprosjektet i Rogaland. Særheim presenterer heile dette rike tilfanget i boka. Om vi først blader attanfrå, finn vi der namna alfabetisk med normert form, uttale i fonematisk skrift, kartfesting og sidetilvising. Så kjem vi til ein bolk med kart påførte nummer for alle stadene som namna gjeld, og med sjølve namna skipa etter kartblad og skrivne i dialektform med vanlege bokstavar. Til saman gjev dette ein fullnøyande dokumentasjon både for fagfolk og andre interesserte.

I teksten deler Særheim namna i to hovudgrupper: dei som inneheld nemne for terrengtypar, og dei som ikkje har slike nemne. Dei ti vanlegaste terrengnemna er flu (i 38 namn), grunne (59), haug (40), holme (48), nes (18), skjer

(106), sund (36), vik (35), øy (22) og åker (25). Alt av dette får vi eit levande inntrykk av kor sterkt sjøen og sjølivet pregar namnetilfanget på Kvitsøy. Særheim drøftar føreledda ut frå motivkrinsar som form og storleik, lægje, botn- eller grunntilhøve, plante- og dyreliv, personar og hendingar. Namn utan terrengord - i faglitteraturen òg kalla grunnordlause namn - skipar han på liknande vis: etter form, farge, bølgjerørsle, båtferdsel, personar og "anna".

Særheim legg heile tida vekt på å få fram kva namna kan fortelje i kraft av at dei "speglar arbeids-, leve- og tenkjemåte hjå folk flest i grendelaga" (s. 26). I eit kapittel om opplysningar i stadnamna bruker han synsvinklane eldre busetnad, jordbruk, fangst og fiske og ferdsel til å illustrere denne ytre, ikkje-språklege sida ved namna. Det er kanskje i slike samanhengar kunnskapane hans kjem mest til sin rett overfor allmenta. Men samtidig knyter han det språklege og det reale i hop på ein svært pedagogisk måte. Det er både spanande og lærerikt å følgje drøftingane hans, ikkje minst når han kan peike på fleire moglege løysingar, slik som for Ramsen om eit nes (til fuglenemnet ramn, plantenemnet rams eller verbet ramsa 'riva, slita, gramsa o.l.'). Ei innføring i dialekten og eit kapittel om namnelaging og namnestruktur klargjer viktige føresetnader for denne heilskapen av språklege og saklege argument.

Namna Kvitsøy og Aumar tek forfattaren opp særskilt. Kvitsøy kan endefram førast til eit Hvítingr, til adj. kvit. Aumar er eit eldre namn på Kvitsøy. Det finst i kjelder frå mellomalderen, men lever ikkje i munnleg tradisjon. Særheim meiner det kan vera laga til ei indoeuropeisk rot *av- som òg ligg føre i nokre vassdragsnamn lenger sør i Europa. Nemningsmotivet blir da straumtilhøva eller bårebrotet ved øyane. Magnus Olsen og Per Hovda har tolka namnet annleis.

Boka er utgjeven ved Rogalandsprosjektet og kan tingast hjå Fylkeskultursjefen i Rogaland, Dronningens gate 7, 4005 STAVANGER. Ho kostar 80 kroner.

KK

## STADNAMN I KYSTKULTUREN: TILBOD PÅ RAPPORTEN

NORNA-rapport 41 Stadnamn i kystkulturen er no endeleg ferdig. Sidan det trykkeriet vi hadde gjort avtale med gjekk konkurs, har det teke meir tid enn vi rekna med å få trykt rapporten frå symposiet som vart halde i Volda 4.-6. mai 1987 om stadnamn i kystkulturen. Vi seier oss leie for dette.

Rapporten er på til saman 158 sider og inneheld desse artiklane: **Stefan Brink**: Gamla naturnamn längs Norrlands kust, särskilt ånamn; **Sigurd Fries**: Likhetsnamn eller vandringsnamn? En synpunkt på namngivningen längs våra kuster; **Peter Hallaråker**: Metodiske problem i samband med innsamling av stadnamn i Møre og Romsdal; **Oddvar Nes**: Stadnamn på strekkja Volda - Runde; **Lars-Erik Edlund**: Något om det nordsvenska kustlandets ortnamn och deras ålder, jämte en diskussion om kulturgränser och kulturprovinser i området; **Else Britt Lindblom**: Ö-namn på torra land. Datering av ö-namn med hjälp av landhöjningen; **Bente Holmberg**: Atlas over Fyns kyst 0-1500 e.Kr. Et tværfagligt forskningsprojekt; **Rob Rentenaar**: Nordiske litorale toponymer på nederlandske søkort. Diskusjonane etter foredraga er òg fyldig refererte.

Rapporten er prenta i 350 eksemplar pluss 50 særtrykk av kvar artikkel. Vi tilbyr rapporten til NOK 100,- ut 1989 og særtrykka for NOK 5,-. Seinare blir prisen auka til NOK 120,-. Innbetalinga skal gjerast over postgiro til Peter Hallaråker, 6100 VOLDA, NOREG. Postgirokonto 5 21 91 67. På grunn av høge gebyr bed vi om at ingen nyttar sjekk med mindre dei betalar NOK 30,- i tillegg.

Peter Hallaråker

## BOK OM STADNAMN I SØDORP

Nord-Fron mållag har gjevi ut boka Stadnamn frå Sødorp av Brit Mikkelsen. Dette er ei forkorta og noko omarbeidd utgåve av Mikkelsens hovudoppgåve frå 1983. Boka inneheld vel 900 stadnamn frå Sødorp og fjellstroket som grensar til bygda. Ho kan tingast hjå Paul H. Hage, 2640 VINSTRA, tlf. 062/90913. Prisen er 100 kroner.

## PERSONNAMN I MØRE OG ROMSDAL PÅ 1600-TALET

Våren 1989 leverte Turid Søfteland Riste ei oppgåve med tittelen "Personnamn i Møre og Romsdal i 1647" til norsk storfag ved distriktshøgskolen i Volda. Storfag vil seie eitt semesters utviding av mellomfaget. Materialet til oppgåva er namna i skattematrikkelen frå 1647. Kjelda namngjev 6 077 personar: 3053 (50%) på Sunnmøre, 1230 (20%) i Romsdal og 1794 (30%) på Nordmøre. Riste gjer greie for matrikkelen som historisk dokument og drøftar grundig skriftkonvensjonane på den tida. Ho normerer namna til eit midsteg mellom historisk-etymologisk form og notidig uttaleform. Når omstenda kring namnet er usikre, let ho kjeldeformene stå meir uendra. Dette er gode prinsipp, og Riste har brukt dei med skjøn.

Riste går gjennom alle namna i alfabetisk følgd og opplyser om skriftform, historisk status i Noreg og utbreiing i dei tre futedøma og i fylket. Deretter drøftar ho i detalj namnetoppen frå 1 til 10 i kvart futedøme med tilleggsopplysningar om skipreidene (Sunnmøre), åttingane (Romsdal) og tinglaga (Nordmøre) såframt nokon av dei har toppnamn som ikkje når opp i futedømet under eitt. Ho viser samtidig kor mange ulike namn futedøma har og kor utbreidde dei nordiske namna er i dei einskilde distrikta. Mot desse namna set ho gruppa kyrkjelege namn, som etter hennar definisjon er "dei namna som har rot i eit bibelsk eller hebraisk namn" (s. 34). Eg meiner denne definisjonen er for trong, og Riste tek òg sjølv med namn som Laurits (Lars), Nikolaus og Rasmus her enda dei korkje er bibelske eller hebraiske. Kyrkjeleg status har dei fått på grunn av helgentradisjonen. Heile tilfanget er til sist ført opp alfabetisk med frekvens og prosent i futedøma kvar for seg. Ein må etterlyse frekvensordna tabellar og oversyn for fylket samla.

Kvinnenamna tek ho òg med i oppgåva, men dei er så få (22) at dei ikkje kan brukast i statistikk.

Som Riste sjølv understrekar i konklusjonen, fell resultata i hovudsak saman med det vi veit frå før om namnebruken på 1600-talet. Den største overraskinga er dobbelnamnet Ane Marete. Men det at mønsteret er gammalt

kjent, gjeld vel å merke berre på futedøme- og fylkesnivå. Når Riste ser på tilhøva bygdene imellom, finn ho mange interessante skiftingar som aldri har vorti kartlagde før. Her utgjer oppgåva eit verkeleg nybrotsarbeid. Generelt kan ein seie at det nettopp er på bygdenivået og i beitet under toppnamna at slike undersøkingar vil kaste mest av seg - allvisst om ein tenkjer på nyhendeverdien.

Riste har særleg lagt arbeid i dei statistiske vurderingane, men ho har òg gjort verdifulle observasjonar om andre ting. Ho har m.a. gådd at det helst er høgstatuskvinner som står med namn (dei andre blir kalla "enken"), og at dei stutte, talemålsnære formene Lars og Per er vanlegare i patronym enn som førenamn. Det siste kan ein òg sjå m.a. i diplom frå seinmellomalderen, men dei som har nytta slikt tilfang, har jamnast ikkje tenkt noko større over fenomenet, eller iallfall ikkje skrivi om det. Oppgåva til Riste fyller 40 sider og er både veldisponert og ryddig, men har pussig nok ikkje ei einaste overskrift!

KK



*- Den filosof, De nævner der, har aldrig eksisteret, han er en ren og skær sagnfigur - derimot har hans søn spillet en stor rolle i historien!*

*(Storm P.)*

# M i k r o  F E L T E D
## eit feltinnskrivingssystem for mikromaskin

Ved Institutt for namnegransking er det i samarbeid med Håvard Hjulstad, Arne Jørgensen og Erik Vintermyr utvikla eit program for edb-registrering av feltinndelte data. Programmet, kalla **Mikro FELTED**, er skrive under operativsystemet MS-DOS og kan nyttast på mikromaskinar med tastatur og skjerm som er IBM-kompatible. Føremålet har vore å lage eit program for enkel innskriving og redigering av data.

I **Mikro FELTED** er det innebygd særskilde program for sortering (på bokstavar og/eller tal), rydding (gjeld rekkjefølgja av felta i ein post), plukking (på grunnlag av eit bestemt innhald, eller fråvære av eit bestemt innhald, i eit gitt felt) og program for ulike utskrifter av datafilane. I tillegg er det laga tre hjelpeprogram som skal nemnast særskilt:

**FORMUTSK** Programmet gjer det muleg å detaljredigere utskrifter. Kan vere nyttig ved utskrift av særskilde arkivkort o.l.

**FELTSEP** Program for å skilje ut (separere) dei felta ein ber om i ei fil og opprette ny fil med desse.

**FELTSJPC** Program som reknar ut frekvensen av ulike felt innhald i eit gitt felt. Kan til dømes vere nyttig for å finne ut kor mange namn som er samla inn på ulike kartblad.

Programmet er tilpassa "Skjema for edb-registrering av stadnamn" av Tom Schmidt, jf. vedlegg til Nytt om namn 9, 1989.

**Mikro FELTED** kostar kr 1000,- og kan tingast hjå Institutt for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3.

Margit Harsson
Oslo

**Returadresse:**
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo 3

**NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING. RAPPORTAR**

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn)

2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn)

3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking)

4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering)

5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1989. Ca. 120 sider. Pris kr. 50,-. (Under utgjeving. Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn)

ISSN 0800 - 4676